

Generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt

Generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt er ein integrert del av alle vedtak om tildelingar til forskning og utvikling som blir fatta av Forskingsrådet. Dei gjeld dersom ikkje anna er skriftleg avtalt. Generelle vilkår gjeld også for andre typar tilskot så langt dei passar.

Desse generelle vilkåra gjeld for prosjekt som får *tilskotsbrev* frå Forskingsrådet og der søknaden er motteken gjennom Forskingsrådets nye søknadssystem (Mi side) etter 01.03.2026.

1 Viktige omgrep

Føresetnader («betingelser» på bokmål): Høve/føresetnader som må vere oppfylte for at søkjar skal kunne få tilskot.

Direkte kostnader: Kostnader som står i direkte samanheng med gjennomføringa av prosjektet.

Faktisk samarbeid: Samarbeid mellom minst to uavhengige partar for å utveksle kunnskap eller teknologi eller for å nå eit felles mål på grunnlag av arbeidsdeling, der partane saman definerer omfanget av samarbeidsprosjektet, bidreg til gjennomføringa av det og deler risiko og resultat. Ein eller fleire partar kan bere alle kostnadene knytte til prosjektet og dermed frita andre partar for finansiell risiko. Oppdragsforskning og det å gi forskningstenester blir ikkje rekna som ei form for samarbeid.

Finansieringsplan: Plan for korleis prosjektkostnadene skal finansierast gjennom prosjektperioden.

Force majeure: Upåreknelege og ekstraordinære omstende utanfor kontrollen til partane.

Forskingsgenererte data: Registreringar, notat og rapporteringar i form av tal, tekst, bilete og lydar som blir genererte eller oppstår undervegs i forskingsprosjektet.

Forskningsinfrastruktur: Utstyr, ressursar og tilknytte tenester som forskingsmiljøa bruker til å utføre forskning innanfor dei respektive fagområda sine. Dette omfattar mellom anna vitskapleg utstyr og utstyrsfasilitetar, kunnskapsbaserte ressursar som samlingar, arkiv eller strukturert vitskapleg informasjon som mogleggjer forskning, elektronisk infrastruktur (nettverk, berekningsressursar, lagringsressursar, programvare, grids) og ein kvar anna unik eining som er avgjerande for å kunne utføre forskning.

Forskningsinfrastrukturar kan vere samla på éin stad eller distribuerte (eit organisert nettverk av ressursar).

Forskingsrådets generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt der søknaden er mottatt 01.03.2026 eller seinare.

FoU: Forsking og utvikling.

FoU-leverandør: Aktør som i samsvar med tilskotsbrevet skal levere eit FoU-arbeid på oppdrag frå prosjektansvarleg og/eller eventuelle samarbeidspartnarar.

Framdriftsplan: Plan for gjennomføring av hovudaktivitetane for prosjektet, med delmål og milepælar.

Immaterielle rettar: Patent og alle andre rettar til tekniske løysingar, metodar, prosessar, prosedyrar, teikningar, prototypar, spesifikasjonar, design, krinsmønster og bedriftsløyndommar, uavhengig av om desse er patenterte eller registrerte eller kan patentrast eller registrerast, og dessutan alle opphavsrettar, databaserettar og andre nærstående rettar, rettar til varemerke, domene og andre forretningskjenneteikn og rettar verna etter marknadsføringslova, uavhengig av om desse kan registrerast eller er registrerte.

Indirekte kostnader: Kostnader knytte til den forholdsmessige bruken for prosjektet av ressursar som ikkje kan setjast direkte i samanheng med gjennomføring av prosjektet.

Kommersiell utnytting: Direkte eller indirekte bruk av prosjektresultat i utvikling og/eller marknadsføring av produkt, teneste eller prosess, eller overdraging og/eller lisensiering av prosjektresultat til tredjepart. Utgiving på forlag blir ikkje rekna som kommersiell utnytting.

Organisasjonsrepresentant: Stillingsinnehavar som har fullmakt til å representere og forplikte prosjektansvarleg overfor Forskingsrådet.

Kostnadsplan: Samla budsjetterte prosjektkostnader for prosjektperioden fordelte på kostnadstypar.

Prosjekt: Den samla aktiviteten som blir omfatta av tilskotsbrevet.

Prosjektansvarleg: Den organisasjonen som overfor Forskingsrådet er ansvarleg for at prosjektet blir gjennomført i samsvar med tilskotsbrevet, får Forskingsrådets tilskot på vegner av seg sjølv og eventuelle samarbeidspartnarar som skal få støtte og som elles har forpliktingar etter tilskotsbrevet.

Prosjektbakgrunn: Kunnskap, under dette immaterielle rettar, som prosjektansvarleg og samarbeidspartnarar har med seg inn i prosjektet.

Prosjektbeskriving: Fagleg og administrativ beskriving av og plan for gjennomføring av prosjektet.

Prosjektfinansiering: Dei ressursane som blir stilte til rådvelde for å dekkje prosjektkostnadene.

Prosjektkostnader: Direkte og indirekte kostnader knytte til gjennomføring av prosjektet.

Prosjektleder: Personen som på vegner av prosjektansvarleg skal vareta den faglege framdrifta og gjennomføringa av prosjektet.

Prosjektpartner: Prosjektansvarleg, samarbeidspartner og FoU-leverandør.

Prosjektperioden: Perioden ein utfører prosjektet og som det står om i tilskotsbrevet.

Forskringsrådets generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt der søknaden er mottatt 01.03.2026 eller seinare.

Prosjektrekneskap: Rekneskap som viser prosjektkostnader og prosjektfinsiering.

Prosjekresultat: Alle resultat som blir skapte eller oppnådde i samband med prosjektet, inkludert immaterielle rettar, uavhengig av om resultata er verna av lovgiving eller ikkje.

Prosjektsamandrag: Kortfatta, fagleg prosjektbeskriving som kan offentleggjerast for allmenta.

Samarbeidsavtale: Avtale som regulerer mellom anna arbeidsform, oppgåvefordeling og rettar og pliktar mellom prosjektansvarleg og samarbeidspartnarar.

Samarbeidspartnar: Aktør som i samsvar med tilskotsbrevet skal gjennomføre prosjektet i faktisk samarbeid med prosjektansvarleg og andre eventuelle samarbeidspartnarar.

Samarbeidspartnarrepresentant: Stillingsinnehavar som har fullmakt til å representere og forplikte samarbeidspartnaren overfor prosjektansvarleg.

Tilknytt partnar: Utanlandsk partnar i eit konsortium som har fått vedtak om støtte gjennom ei internasjonal utlysing. Partnaren får støtte til sin del av prosjektkostnadene frå støttegivar i sitt høvesvise land.

Tilskot: Forskringsrådets vedtekne tilskot til prosjektet som blir gitt med bindande verknad for eitt budsjettår om gongen.

Tilskotsbrev: Dokument som formidlar vedtak om tildeling og inneheld alle føresetnader og vilkår for tilskotet. Dette inkluderer utlysinga, Forskringsrådets generelle vilkår og prosjektbeskrivinga.

Tilsegn: Vilkårsbunde løfte frå Forskringsrådet om tilskot til prosjektet.

Underleverandør: Aktør som leverer varer og/eller utfører tenester i prosjektet på oppdrag frå prosjektansvarleg og/eller eventuelle samarbeidspartnarar og som ikkje er samarbeidspartnar eller FoU-leverandør.

Vilkår: Dei etterfølgjande pliktene tilskotsmottakar har gjennom prosjektperioden.

2 Prosjektet

2.1 Prosjektgjennomføring

Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med tilskotsbrevet.

Prosjektansvarleg skal følgje gjeldande lover og forskrifter, anna offentlig regulering, etiske retningslinjer, i tillegg til anerkjende kvalitetsstandardar og normer for god forskingsskikk.

2.2 FoU-leverandørar

Prosjektansvarleg og/eller samarbeidspartnar kan inngå avtale med FoU-leverandørar innanfor dei rammene som følgjer av utlysingsteksten og tilskotsbrevet.

Bruk av FoU-leverandør frittek ikkje prosjektansvarleg frå sine forplikingar og ansvar i samsvar med tilskotsbrevet.

Forskningsrådets generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt der søknaden er mottatt 01.03.2026 eller seinare.

Prosjektansvarleg pliktar å sikre at FoU-leverandørar overheld dei rettane og forplikingar som følgjer av tilskotsbrevet.

Eventuelle endringar i samansetninga av FoU-leverandørar, slik ho kjem fram av tilskotsbrevet, føreset skriftlege godkjenning frå Forskningsrådets på førehand.

Prosjektansvarleg pliktar å sikre at FoU-leverandørar leverer tenestene sine på vilkår som sikrar at prosjektansvarleg og samarbeidspartnarar ikkje får indirekte statsstøtte frå FoU-leverandøren, i samsvar med beskriving i ESAs retningslinjer for offentleg støtte til forskning, utvikling og innovasjon.

2.3 Underleverandørar

Prosjektansvarleg og/eller eventuelle samarbeidspartnarar kan inngå avtale med underleverandørar innanfor dei rammene som følgjer av tilskotsbrevet.

Bruk av underleverandør fritek ikkje prosjektansvarleg frå sine forplikingar og ansvar i samsvar med tilskotsbrevet.

Underleverandørar kan ikkje bli gitt rettar til prosjektresultat.

Prosjektansvarleg pliktar å sikre at underleverandørar overheld dei rettar og forplikingar som følgjer av tilskotsbrevet.

3 Prosjekt med samarbeidspartnarar

I prosjekt med samarbeidspartnarar skal prosjektansvarleg representere samarbeidspartnarane overfor Forskningsrådet.

Prosjektansvarleg skal inngå samarbeidsavtale med samarbeidspartnarane. Om ikkje anna er skriftleg avtalt, skal Forskningsrådet ha fått stadfesta at slik signert samarbeidsavtale er inngått innan tre månader etter at tilskotsbrevet vart sendt til prosjektansvarleg, og alltid før Forskningsrådet utbetaler midlar. Dersom slik stadfesting ikkje er gitt innan fristen, vil vedtaket om tildeling av tilskot bli omgjort.

Samarbeidsavtalen skal regulere dei gjensidige rettane og pliktene til prosjektansvarleg og samarbeidspartnarane, inkludert fordeling av projektkostnader, eigarskap til forskingsinfrastruktur og rettar osb. til prosjektresultat, jf. punkt 10.

Prosjektansvarleg skal sørge for at samarbeidsavtalen speglar vilkår og føresetnader i tilskotsbrevet frå Forskningsrådet, så langt det er relevant for rolla til samarbeidspartnarane i prosjektet. Prosjektansvarleg organisasjon må forplikte samarbeidspartnarane på same måte som han sjølv er forplikta gjennom tilskotsbrevet. Det vil seie at samarbeidspartnarane må godta dei same vilkåra og føresetnadene som nedfelte i tilskotsbrevet gjennom samarbeidsavtalen, inkludert føresegner om konfidensialitet, kontroll, revisjon osb. Prosjektansvarleg skal sørge for at tilskotet blir brukt slik det står i tilskotsbrevet.

Prosjektansvarleg skal også sørge for at samarbeidspartnarane som får støtte sender kostnadsrekneskap til prosjektansvarleg. Denne rekneskapen skal brukast som grunnlag for å lage ein prosjektrekneskap som følgjer krava i tilskotsbrevet, jf. punkt 7.

Forskingsrådets generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt der søknaden er mottatt 01.03.2026 eller seinare.

Samarbeidet skal skje på vilkår som sikrar at verken prosjektansvarleg eller samarbeidspartnarar får indirekte statsstøtte, i samsvar med ESAs retningslinjer for offentleg støtte til forskning, utvikling og innovasjon.

Forskingsrådet kan stille særlege krav til samarbeidet.

Inngåing av samarbeidsavtalen endrar ikkje ansvaret til prosjektansvarleg etter tilskotsbrevet.

Eventuelle endringar i samansetninga av samarbeidspartnarar, slik ho kjem fram av tilskotsbrevet, føreset skriftleg godkjenning frå Forskingsrådets på førehand.

4 Prosjekt med tilknytte partnarar

Forskingsrådet gir i nokre tilfelle tilskot til norske partnarar i eit konsortium som har fått vedtak om støtte ei internasjonal utlysing. Konsortiet har partnarar i fleire land. Kvar partnar får støtte til sin del av prosjektkostnadene frå støttegivar i sitt høvesvise land. Vilkåra for støtte kjem fram av den internasjonale utlysinga, og konsortiet er underlagt desse. Den norske partnaren er i tillegg underlagd Forskingsrådets generelle vilkår for FoU-prosjekt og andre vilkår i tilskotsbrevet, medan dei utanlandske er underlagde vilkåra til dei respektive støttegivarane sine.

Den norske partnaren blir registrert som prosjektansvarleg i Forskingsrådets system. Dei utanlandske partnarane i desse prosjekta skal registrerast som tilknytte partnarar.

5 Utbetaling, overføring og atterhald

5.1 Utbetaling

Utbetaling av midlar føreset at prosjektet har fått statusen «aktivt» av Forskingsrådet. Dette skjer når dei nødvendige stadfestingane som kjem fram av tilskotsbrevet er gitt.

Utbetaling skjer til prosjektansvarleg sin bankkonto når denne kan stadfestast i det felles konto- og adresseregisteret til bankane, KAR. Prosjektansvarleg må sørge for å ha ein bankkonto som er registrert på organisasjonsnummeret sitt.

Om ikkje anna er skriftleg avtalt, blir tilskot utbetalt etterskotsvis på bakgrunn av innsend EHF-faktura Peppol BIs Billing 3.0, som skal dokumentere kostnadene i prosjektet. Siste utbetaling blir ikkje gjennomført før sluttrapporten og/eller årsrekneskapsrapporten er levert og godkjend, jf. punkt 8.3.

5.2 Stans av utbetaling

Forskingsrådet kan stanse vidare utbetaling dersom Forskingsrådet finn at gjennomføringa av prosjektet avvik frå vilkåra i tilskotsbrevet, eller dersom andre forhold gir grunnlag for det, jf. punkt 5.7.

Forskringsrådets generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt der søknaden er mottatt 01.03.2026 eller seinare.

5.3 Overføring av ubrukte midlar frå kvart enkelt budsjettår

Eventuell ubrukt del av tilskotet ved årsslutt vil bli overført til neste kalenderår dersom ikkje anna er kommunisert frå Forskringsrådet. Dersom lågare forbruk enn venta kjem av at prosjektet er forseinka, må prosjektansvarleg så snart som mogleg oppdatere framdriftsplanen til prosjektet. Når det er behov for det, må ein søkje om forlenging av prosjektperioden. Dersom lågare forbruk enn planlagt kjem av at prosjektet har hatt lågare kostnader enn venta, vil Forskringsrådet redusere utbetalinga for neste kalenderår med tilsvarende beløp eller krevje at ubrukte midlar blir betalte tilbake.

5.4 Reduserte utbetaling og tilbakebetaling som følgje av lågare prosjektkostnader

Dersom prosjektkostnadene er lågare enn det som følgjer av kostnadsplanen, utbetaler ikkje Forskringsrådet eventuelle overskytande midlar som ikkje allereie er utbetalte. Utbetalte midlar som overstig den delen av prosjektkostnadene som Forskringsrådets tilskot skal dekkje, skal betalast tilbake på den måten Forskringsrådet seier.

5.5 Tilbakebetaling som følgje av feilutbetaling

Dersom Forskringsrådet har utbetalt eit høgare beløp enn det som følgjer av tilskotsbrevet, skal prosjektansvarleg betale tilbake differansen omgåande. Med mindre feilutbetalinga kjem av forhold på Forskringsrådets side, blir det lagt til rente i samsvar med forseinkingsrentelova (LOV-1976-12-17-100) frå den dagen prosjektansvarleg fekk midlane.

5.6 Motrekning

Forskringsrådet kan motrekne for mykje utbetalte midlar i gjenståande utbetalingar eller i andre krav prosjektansvarleg måtte ha mot Forskringsrådet, inkludert ikkje utbetalte midlar i andre prosjekt. Dette gjeld uavhengig av tidspunktet for når kravet oppstod eller forfall.

5.7 Atterhald

Tilskot blir berre gitt for eitt kalenderår av gongen. Eventuelle tilsegner for etterfølgjande år er ikkje bindande for Forskringsrådet med mindre dette er særskilt fastsett i tilskotsbrevet.

Utbetaling av tilskotet første år og innfriing av eventuelle tilsegner for etterfølgjande år føreset at det ikkje skjer endringar i offentlege reguleringar (regelverk, standardar, lover osv.) eller oppstår andre uventa omstende av vesentleg betydning for gjennomføringa av prosjektet eller for Forskringsrådets evne til å bidra til gjennomføringa.

Innfriing av Forskringsrådets tilsegn for etterfølgjande år føreset vidare mellom anna at

- det ikkje ligg føre brot på vilkåra i tilskotsbrevet
- Forskringsrådet får statusrapporten frå prosjektet og godkjenner eventuelle prosjektendringar, jf. punkt 8.2

Dersom ein eller fleire av desse føresetnadene ikkje er oppfylte, kan Forskringsrådet stanse eller endre framtidige tilskot og tilsegner. Forskringsrådet kan også krevje tilbakebetalt heile eller delar av det utbetalte tilskotet, eller gjere om vedtaket i samsvar med punkt 19 dersom vilkåra for dette ligg føre.

Forskningsrådets generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt der søknaden er mottatt 01.03.2026 eller seinare.

6 Støttegodkjende prosjektkostnader

Prosjektet kan berre belastast med direkte og indirekte kostnader som er nødvendige for gjennomføringa av prosjektet og som er i samsvar med kostnadsplanen.

7 Rekneskap

Prosjektansvarleg og eventuelle samarbeidspartnarar som er tilskotsmottakarar skal føre ein eigen prosjektrekneskap over prosjektfinansiering og prosjektkostnader.

Prosjektfinansieringa og prosjektkostnadene skal komme fram i den offisielle rekneskapen til prosjektansvarleg. Rekneskapsføringa skal vere à jour til kvar tid. Opplysningar som har noko å seie for utarbeiding av pliktig rapportering i samsvar med tilskotsbrevet, skal uansett vere registrerte innan dei tidsfristane som gjeld for slik rapportering. Prosjektrekneskapen skal oppfylle krava Forskningsrådet fastset i retningslinjer for dette og elles vere i samsvar med god rekneskapsskikk og vanlege rekneskapsprinsipp.

Forskningsorganisasjonar og andre som har både økonomisk og ikkje-økonomisk aktivitet, må ha eit rekneskapsmessig skilje mellom desse for å hindre kryss-subsidiering.

8 Rapportering

8.1 Generelt

Prosjektansvarleg skal utarbeide og levere avtalte rapportar innanfor dei tidsfristane, på den måten og i det formatet Forskningsrådet nemner. Opplysningane skal vere oppdaterte og til kvar tid oppfylle retningslinjene til Forskningsrådet.

Alle endringar og avvik i prosjektet og frå innhaldet i tilskotsbrevet skal meldast uoppmoda til Forskningsrådet utan ugrunna opphald på det formatet Forskningsrådet nemner. Innsende rapportar blir rekna som endelege etter at dei er aksepterte. Dei kan ikkje endrast etter dette.

Prosjektansvarleg skal arkivere sluttrapport og prosjektdata på ein trygg måte i minimum ti år etter utgangen av prosjektperioden.

8.2 Statusrapportering

Prosjektansvarleg skal årleg i statusrapportar opplyse om prosjektrekneskap, framdrift og oppnådde resultat i prosjektet, med mindre noko anna er avtalt.

Statusrapporten må vere mottatt og godkjent av Forskningsrådet før tilskotet kan utbetalast og/eller tilsegna innfriast, jf. punkt 5.7.

8.3 Sluttrapport

Med mindre ein annan frist er skriftleg avtalt, skal prosjektansvarleg sende Forskningsrådet ein sluttrapport seinast éin månad etter utgangen av prosjektperioden eller det tidspunktet Forskningsrådet nemner.

Forskringsrådets generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt der søknaden er mottatt 01.03.2026 eller seinare.

Prosjektansvarleg skal opplyse om kor dei har tilgjengeleggjort forskings- og resultatdataa for prosjektet. Dette gjeld all nødvendig dokumentasjon relevant for gjenbruk, inkludert kjeldekode.

For prosjekt som har levert ein datahandteringsplan skal sluttrapporten innehalde ei lenkje til siste versjon av planen.

Forskringsrådet skal godkjenne sluttrapporten.

8.4 Anna rapportering

Forskringsrådet kan i rimeleg omfang krevje tilleggsrapportar for kortare periodar eller for visse delar av prosjektet.

For visse typar prosjekt krev Forskringsrådet innsending av årleg prosjektrekneskapsrapport. Dette står i tilfellet i tilskotsbrevet.

På oppmoding frå Forskringsrådet skal prosjektansvarleg og samarbeidspartnarar vederlagsfritt og så langt som mogleg bidra til Forskringsrådets evaluering og resultatmåling av prosjektet. Evalueringa omfattar ei vurdering av den faglege og økonomiske betydninga av prosjektresultata. Prosjektansvarleg har ei plikt til å bidra i ein periode på inntil ti år etter levering av sluttrapporten, med mindre noko anna er skriftleg avtalt.

Prosjektansvarleg pliktar også å gi rekneskapsinformasjon og eventuelt andre statistiske opplysningar om prosjektet til nasjonal forskingsstatistikk.

9 Arbeidsgivaransvar

Prosjektansvarleg har arbeidsgivaransvar for eige personale knytt til prosjektet.

10 Egedomsrett, utnyttingsrett og lisensiering

10.1 Forskringsinfrastruktur

Forskringsinfrastruktur som er kjøpt med prosjektmidlane, er egedomen til prosjektansvarleg der det ikkje er samarbeidspartnarar. I prosjekt med samarbeidspartnarar skal eigarskapen til forskringsinfrastrukturen vere regulert i samarbeidsavtalen, jf. punkt 3 og 10.3.

Prosjektansvarleg og eventuelle samarbeidspartnarar med eigarskap til infrastrukturen skal sørge for at forskringsinfrastrukturen er forsikra, i god stand og i drift gjennom prosjektperioden.

10.2 Prosjektresultat

10.2.1 Rettar

Prosjektansvarleg og eventuelle samarbeidspartnarar skal sikre seg rettane til kommersiell utnytting av prosjektresultat. Dei skal også om nødvendig inngå avtalar med eigarar, tilsette (inkludert dei med fleire tilsetjingsforhold), underleverandørar og andre for å få til dette.

Forskningsrådets generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt der søknaden er mottatt 01.03.2026 eller seinare.

Slik rettssikring medfører inga avgrensing i vernet av dei ideelle interessene til opphavsmannen etter åndsverklova. Dei er heller ikkje til hinder for at det kan avtalast vederlagsordningar for opphavsmenn tilsvarande dei som gjeld for dei patenterbare oppfinningar til tilsette i samsvar med lov om retten til oppfinningar som er gjort av arbeidstakarar.

Prosjektansvarleg skal sørge for open tilgang til vitenskaplege publikasjonar knytte til prosjektresultata, inkludert at prosjektansvarleg, samarbeidspartnarar og/eller forfattarar beheld tilstrekkelege immaterielle rettar til å overhalde krav om open tilgang, som nærare beskrivne i punkt 11. Det inneber mellom anna at prosjektansvarleg, samarbeidspartnarar og/eller forfattarar har rett til å gjere eit ferdig manuskript (AAM) som er vurdert av fagfeller, og/eller den ferdig publiserte versjonen (VoR) av ein vitenskapleg artikkel, tilgjengeleg for alle under ein open lisens. Dei kan leggje artikkelen ut i eit ope vitenskapleg arkiv samtidig som forlaget publiserer han.

10.2.2 Vern

Prosjektansvarleg og eventuelle samarbeidspartnarar skal vurdere behovet for vern av prosjektresultat som kan ha forretningsmessig verdi og sørge for slikt vern når behovet tilseier det. Dersom lovgivinga krev at rettane må registrerast for å oppnå vern, skal slik registrering skje.

10.2.3 Utnytting

Prosjektresultata skal komme til nytte innan rimeleg tid. Kva som blir rekna som rimeleg tid avheng mellom anna av bransjen eller marknaden, forskingsfeltet og kor lenge aktuelle produkt normalt lever eller kan brukast. Dersom den som har rettane til prosjektresultata, ikkje sørgjer for slikt bruk av nytten, kan personane som har skapt prosjektresultata, krevje rettane overført til seg, med mindre noko anna er avtalt mellom prosjektansvarleg og desse personane, eller mellom partane i prosjekt med samarbeidspartnarar, jf. punkt 3 og 10.3.

Dette gjeld ikkje dersom

- tiltak for utnytting er sett i gang, og denne prosessen pågår, eller
- det at rettshavar ikkje utnyttar eit prosjektresultat er av kommersiell betydning for utnyttinga av rettshavars andre prosjektresultat.

10.2.4 Overføring av prosjektresultata til utanlandske rettssubjekt

Overføring av eigarskap til og/eller lisensiering av eksklusive rettar til prosjektresultata til ein tredjepart som ikkje er samarbeidspartnar, og som er etablert i eit land utanfor EØS-området, krev skriftleg godkjenning frå Forskningsrådet. Forskningsrådet kan nekte godkjenning til dømes dersom endringa blir vurdert å vere i strid med nasjonale økonomiske interesser, etiske prinsipp, omsynet til tryggleiken eller forskningstryggleiken i landet. Forskningsrådet kan alternativt setje vilkår for overføringa/lisensieringa. Dersom Forskningsrådet ikkje svarer på oppmodinga om godkjenning innan fire veker etter å ha fått skriftleg førespurnad, blir det rekna som at samtykke er gitt. Dette gjeld i prosjektperioden og i tre år etter at prosjektet er avslutta.

10.2.5 Endring i eigarforhold: utanlandske eigarar

Forskningsrådet skal varslast skriftleg og med ein gong dersom ein person eller eit føretak utanfor EØS-området tek avgjerande kontroll over prosjektansvarleg ved erverv av

Forskringsrådets generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt der søknaden er mottatt 01.03.2026 eller seinare.

selskapsdelar (aksjar osv.), ved avtale eller på annan måte. Prosjektansvarleg skal også varsle Forskringsrådet skriftleg og med ein gong dersom ein person eller eit føretak utanfor EØS-området overtek avgjerande kontroll over samarbeidspartnarar.

Dersom endringane i eigarforhold inneber at prosjektresultata kan bli brukte i strid med nasjonale økonomiske interesser, etiske prinsipp, omsynet til tryggleiken eller forskningstryggleiken i landet, har Forskringsrådet rett til å stille vilkår til prosjektet og prosjektresultata, inkludert om prosjektresultata heilt eller delvis vederlagsfritt kan bli overførte eksklusivt til Forskringsrådet. Forskringsrådet kan også gjere om på vedtaket og krevje tilbakebetaling av utbetalt støtte i samsvar med punkt 18 og 19. Dette gjeld i prosjektperioden og i tre år etter at prosjektet er avslutta.

10.3 Tilleggsreglar for prosjekt med samarbeidspartnarar

Samarbeidsavtalen til partane, jf. punkt 3, skal regulere eigarskap til forskingsinfrastruktur, rettar til, vern og utnytting av prosjektresultat og bruk av og eventuell godtgjersle for prosjektbakgrunn og forskingsinfrastruktur som blir tatt inn i prosjektet.

Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn:

- I prosjektperioden skal prosjektansvarleg og samarbeidspartnarane ha vederlagsfri bruksrett til alle prosjektresultat som er nødvendige for å få gjennomført eige arbeid i prosjektet.
- Prosjektansvarleg og samarbeidspartnarane skal ha bruksrett til prosjektresultat og prosjektbakgrunn på avtalte vilkår når dette må til for å utnytte kommersielt prosjektresultat dei sjølv har rettar til i prosjektet.

11 Offentleggjing og arkivering

11.1 Offentleggjing av prosjektresultat

Med mindre anna følgjer av føresegnene i dette punktet, skal prosjektansvarleg gjere prosjektresultat kjent så snart som mogleg. Prosjektansvarleg skal sørge for at formidlingstiltak og planar blir gjennomførte slik det står i tilskotsbrevet.

Dersom offentliggjering er til hinder for vern eller kommersiell utnytting av prosjektresultata, kan offentliggjeringa utsetjast mellombels inntil slikt vern eller kommersiell utnytting er sikra.

I særlege tilfelle kan Forskringsrådet samtykke skriftleg til varig hemmeleghald av prosjektresultata. For prosjekt med deltakarar frå universitets- og høgskulesektoren, kan det ikkje avtalast eller fastsetjast varige avgrensingar i retten til å offentliggjere resultat utover det som er fastsett i eller med heimel i lov.

Når prosjektet er avslutta, skal forskings- og resultatdata, i tillegg til dokumentasjon nødvendig for gjenbruk, inkludert kjeldekode, bli gjort offentleg tilgjengelege så lenge vilkår og føresetnader i tilskotsbrev, lovverk, reglar eller særskilde omsyn ikkje er til hinder for det.

Prosjektansvarleg skal sørge for at alle vitenskaplege publikasjonar om eller basert på prosjektresultata, som er skrivne av forfattarar knytte til prosjektansvarleg eller samarbeidspartnarar, publiserte i samsvar med dei krava Forskringsrådet til kvar tid stiller til

Forskningsrådets generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt der søknaden er mottatt 01.03.2026 eller seinare.

slike publikasjonar og som er tilgjengeleg gjennom [Open tilgang til publikasjonar](#). Det inneber mellom anna at vitenskaplege artiklar skal gjerast tilgjengelege på internett med ein gong, med open tilgang under ein Creative Commons namngiving CC BY 4.0-lisens dersom ikkje anna er avtalt med Forskningsrådet.

11.2 Arkivering av prosjektresultat

Prosjektansvarleg skal sørge for at forskings- og resultatdata, i tillegg til dokumentasjon nødvendig for gjenbruk, inkludert kjeldekode, blir arkivert i sikre, digitale arkiv. Slik arkivering skal skje snarast og seinast innan to år etter at prosjektet er avslutta. Forskningsrådet kan påleggje at slike data, kjeldekoder og nødvendig dokumentasjon for gjenbruk av data (metadata) blir lagra i spesifikke sikre nasjonale eller internasjonale arkiv, så lenge vilkår i tilskotsbrevet, lovverk, reglar eller særskilde omsyn ikkje er til hinder for det.

Prosjektansvarleg skal leggja inn ei digital utgåve av vitenskaplege artiklar som er fagfelleurderte, og som byggjer på forskning som Forskningsrådet har finansiert heilt eller delvis, i eit ope digitalt arkiv med ein gong artikkelen blir publisert. Den versjonen som skal arkiverast, skal vera anten siste manusversjon etter fagfellevurdering (AAM) eller den endelege utgitte versjonen frå forlaget (VoR).

11.3 Offentleggjing av prosjektinformasjon

Prosjektansvarleg og eventuelle samarbeidspartnarar skal omtale Forskningsrådets tilskot i den utoverretta informasjonen sin om prosjektet.

Forskningsrådet har rett til å offentliggjere namn på prosjektansvarleg, prosjektleiar, samarbeidspartnarar, prosjektittel, prosjektvarigheit, prosjektsamandrag, populærvitenskapleg framstilling og tilskotet sitt.

Forskningsrådet kan offentliggjere prosjektresultat som er rapporterte i samband med framdrifts- og sluttrapportering med mindre opplysningane er underlagde teieplikt.

Forskningsrådet kan i rimeleg omfang krevje at prosjektansvarleg opprettar nettside for prosjektet og er med på relevante seminar, konferansar og andre formidlings- og nettverkstiltak.

12 Fortrulegheit

Forskningsrådet er underlagd lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd av 19. mai 2006 nr. 16 (offentleglova) og føresegner om teieplikt i lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker 10. februar 1967 (forvaltingsloven).

13 Overdraging

Prosjektansvarleg kan ikkje overdra, pantsetje eller på annan måte disponere over tilskotsbrevet eller delar av det, inkludert tilsegn frå Forskningsrådet, utan at Forskningsrådet på førehand har gitt skriftleg godkjenning til det.

Forskringsrådets generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt der søknaden er mottatt 01.03.2026 eller seinare.

14 Halde skadelaus og gi fritak frå ansvar

Prosjektansvarleg har ansvar for at gjennomføringa av prosjektet ikkje krenkjer tredjeparts rettar, inkludert tredjeparts opphavsrett og andre immaterielle rettar, eller på annan måte kan medføre krav frå tredjepart.

Prosjektansvarleg skal halde Forskringsrådet skadeslaus for alle krav som måtte oppstå i samband med gjennomføringa av prosjektet, inkludert krav som følgjer av inngrep i immaterielle rettar.

Forskringsrådet er ikkje juridisk eller økonomisk ansvarleg for skade eller tap som følgje av mellom anna feil ved eller ukunnig bruk av utstyr, metodar eller program som er knytte til prosjektet.

15 Force majeure

Prosjektansvarleg og Forskringsrådet skal utan ugrunna opphald varsle kvarandre dersom eit force majeure-tilfelle forhindrar nokon av dei frå å oppfylle forplikingane sine etter tilskotsbrevet.

Ved force majeure er ingen av partane ansvarleg for at dei ikkje klarer å oppfylle forplikingane i tilskotsbrevet.

Dersom force majeure inneber ein risiko for at prosjektet ikkje kan gjennomførast i samsvar med tilskotsbrevet, skal prosjektansvarleg og Forskringsrådet møtast for å diskutere nødvendige justeringar av tilskotsbrevet. Dersom dei ikkje blir samde om justeringar, kan Forskringsrådet stoppe utbetalinga inntil force majeure-tilfellet stansar.

Dersom force majeure-tilfellet er venta å vare, eller har vart i meir enn 90 dagar, kan vedtaket om tildeling av tilskot bli omgjort med éin månads varsel.

16 Prosjektendringar

Prosjektansvarleg kan søkje om prosjektendringar. Søknader om prosjektendringar må godkjennast av Forskringsrådet.

17 Kontroll, revisjon og opplysningsplikt

Forskringsrådet, Riksrevisjonen, EU-organ eller ein tredjepart peika ut av Forskringsrådet har til kvar tid rett til å kontrollere at tilskotet blir nytta i samsvar med tilskotsbrevet.

Forskringsrådet kan komme på stadleg kontroll.

På oppmoding frå Forskringsrådet eller Riksrevisjonen skal prosjektansvarleg leggje fram bilag, timelister, berekningar og anna relevant underlagsmateriale og andre opplysningar som Forskringsrådet og/eller Riksrevisjonen etterspør for å kunne utføre ein slik kontroll.

Forskringsrådet og Riksrevisjonen kan krevje slik informasjon frå prosjektansvarleg som er nødvendig for å kontrollere at reglane om offentleg støtte blir overhalden.

Forskringsrådets generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt der søknaden er mottatt 01.03.2026 eller seinare.

Forskringsrådet kan la vere å skrive ut tilskotsbrev etter at vilkårsbunde vedtak om tildeling er gjort dersom tilskotsmottakar tidlegare vesentleg har misleghalde forpliktingane sine overfor Forskringsrådet, jf. punkt 19. Forskringsrådet kan også la vere å skrive ut tilskotsbrev dersom søkt prosjekt har ein prosjektleiar som er felt i felles utval for det å vere reieleg (bokmål: Felles redelighetsutvalg) eller i Granskingsutvalet dei siste to åra.

18 Tilbakebetaling

Uavhengig av det som følgjer av punkt 5, kan Forskringsrådet krevje heil eller delvis tilbakebetaling av utbetalte midlar dersom det ligg avvik føre og/eller brot på vilkåra og føresetnadene i tilskotsbrevet, inkludert at prosjektet har fått anna prosjektfinansiering enn det som var tiltenkt ved aktivering av prosjektet, eller dersom Forskringsrådet har utbetalt midlar som vil utgjere ulovleg statsstøtte.

Dersom Forskringsrådet gjer om på vedtaket og krev tilbakebetaling på grunn av vesentleg misleghald hos prosjektansvarleg i samsvar med punkt 19, kan Forskringsrådet krevje forseinkingsrenter i samsvar med forseinkingsrentelova (LOV-1976-12-17-100) frå omgjeringstidspunktet.

19 Omgjering

19.1 Forskringsrådets tilgang til å gjere om på vedtaket om tildeling

Forskringsrådet kan gjere om på vedtaket om tildeling dersom prosjektansvarleg har brote føresetnader og vilkår i tilskotsbrevet.

Brot som kan medføre omgjering blir mellom anna rekna som:

- Det er vesentlege avvik i prosjektet samanlikna med framdriftsplanen eller andre forhold regulerte i tilskotsbrevet.
- Prosjektansvarleg har brote forpliktingane sine til arkivering og rapportering, inkludert at rapporteringa gir eit misvisande bilete av dei faktiske forholda, jf. høvesvis punkt 8 og 11.
- Utbetalt tilskot er brukte i strid med vilkår og føresetnader i tilskotsbrevet.
- Forskringsinfrastrukturar er ikkje forsikra, i god stand og i drift i prosjektperioden, jf. punkt 10.1
- Prosjektansvarleg driv verksemd som ikkje er i tråd med gjeldande lovgiving, omsynet til forskningstryggleik eller Forskringsrådets formål og retningslinjer.
- Prosjektansvarleg ikkje vil, eller ikkje er i stand til, å fullføre prosjektet.

Forskringsrådet kan dessutan gjere om på vedtaket om tildeling dersom:

- Ein person eller eit føretak utanfor EØS-området overtek avgjerande kontroll over prosjektansvarleg, og vilkåra i punkt 10.2 siste avsnitt er oppfylte.

Forskningsrådets generelle vilkår for tilskot til FoU-prosjekt der søknaden er mottatt 01.03.2026 eller seinare.

- Det er meldt oppbod eller opna konkurs eller akkordforhandlingar hos prosjektansvarleg, eller det på anna grunnlag er mest sannsynleg at prosjektansvarleg er insolvent.
- Verksemda til prosjektansvarleg er vedteken løyst opp, eller det er mest sannsynleg at vilkåra er oppfylte for å ta ei avgjerd om tvangsmessig oppløysing av verksemda.
- Sentrale føresetnader for tildeling sviktar. Dette kan til dømes vere at Forskningsrådet ikkje får dei nødvendige midlane stilt til rådvelde, det skjer endringar i offentlege reguleringar, eller det oppstår andre uventa omstende av vesentleg betydning for gjennomføringa av prosjektet eller for Forskningsrådets evne til å bidra til dette, jf. punkt 5.7.
- Forskningsrådet og prosjektansvarleg er samde om at prosjektet skal avsluttast før prosjektperioden går ut.

19.2 Prosedyre ved omgjerung av vedtak om tildeling

Prosjektansvarleg skal varslast før Forskningsrådet vedtek å gjere om på vedtaket om tildeling. Omgjeringa skal skje skriftleg og ho skal grunnigvast.

19.3 Krav om tilbakebetaling ved omgjerung av vedtak om tildeling

Dersom Forskningsrådet gjere om på vedtaket i samsvar med punkt 19.1, kan Forskningsrådet krevje heil eller delvis tilbakebetaling av utbetalte tilskot, med tillegg av forseinkingsrenter i samsvar med forseinkingsrentelova (LOV-1976-12-17-100) frå omgjerungstidspunktet.

Prosjektansvarleg skal varslast før Forskningsrådet vedtek å krevje tilbakebetaling.

19.4 Overføring av rettar til prosjektresultat ved omgjerung av vedtak om tildeling

I staden for tilbakebetaling, kan Forskningsrådet krevje å få overført rettane til prosjektresultata. Krav om slik overføring skal skje skriftleg. Prosjektansvarleg pliktar å overføre rettane utan ugrunna opphald og skal dekkje kostnadene ved overføringa. Eigeomsretten går over frå prosjektansvarleg til Forskningsrådet eller ein tredjepart ved overføring.

20 Lovval/verneting

Tilskotsbrevet er underlagt og skal fortolkast i samsvar med norsk rett. Tvistar skal avgjerast ved dei ordinære domstolane. Oslo tingrett blir vedteken som verneting. Dersom prosjektansvarleg er ei statleg verksemd, skal tvistar leggjast fram for Kunnskapsdepartementet som tek stilling til korleis tvistane skal løysast.